



## Skatteinntektene i Nordhordland 2017 - svakare vekst enn for landet



Skatteinntektene aukar med 4,5 % i kommunane (landet) i 2017. Bare Osterøy her i regionen har ein større vekst. Dei andre kommunane ligg under veksten som er for landet. Det er nok eit resultat av at arbeidsledigheten har vore høgare her enn i resten av landet og at deler av næringslivet slit med dårlegare resultat. Det er grunn til å merke seg at ein såpass stor

kommune som Lindås har ein svak negativ utvikling i skatteinntektene og i Austrheim er utviklinga ganske markant negativt.

Sjølv om inntektssystemet til kommunane kompenserer for lågare skatteinntekter så påverkar det også kommuneøkonomien i negativ retning.



Skatteinntektene pr innbyggjar samanlikna med landet (landet er 100 %) vert redusert, med unntak av Osterøy. Det er no berre Masfjorden og Modalen som har høgare inntekter enn gjennomsnittet for landet, men «avstanden» har blitt redusert. I fleire av kommunane har det vore ein ganske stor reduksjon sidan 2013, samanlikna med gjennomsnittet for landet som er 100 %.